



Statens vegvesen

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Lars Alvær Hagesæter

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/169688-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
29.01.2019

Om avkøyrsløysing til gnr. 245 bnr. 9 og 14 – Lindås kommune

Vi viser til ditt brev datert 12.12.2018 der de ber om ny vurdering av avkøyrsløysing for eigedomane gnr. 245 bnr. 9 og 14 i Lindås kommune. Vi viser også til vårt uttale til Lindås kommune datert 29.11.2018 om same sak.

I ditt brev skriv du at de framleis meiner det er 2 lovlege fritidsbustader på eigedom bnr. 9, og viser til sitat frå brev i Lindås kommune.

Vidare legg du ved skriv frå grunneigarane, datert 2/12-77, i samband med grunnavståing til utviding av fylkesvegen. Det går fram at Statens vegvesen har vore på synfaring, og ein har vorte einig om utforming av avkøyrsløysing, etter den tids standard og bruk.

Vår vurdering

Vi kan ikkje sjå at Lindås kommune har stadfesta at det er to lovlege fritidsbustader på eigedommen. Slik vi lesar sitatet du viser til, stadfester kommunen at bygningane er lovleg oppførte, men ikkje at den gjeldande bruken er lovleg.

Når det gjeld utforming av avkøyrsløysing i samband med grunnavståinga i 1977, så meiner vi at skrivet stadfester at den eksisterande fritidsbustaden har lovleg avkøyrsløysing. Ved utvida bruk av avkøyrsløysing må det difor søkjast nytt løysing. Krav til avkøyrsløysing vil då verte gitt etter dagens krav til utforming.

Totalt sett ser vi ikkje at det er grunnlag for å gi ei ny uttale til kommunen i denne saka.

Tillegg

Vi har i dag vorte kjend med at kommunen har gitt dispensasjon for endring av eigedomsgrensa, trass i at vi har bede om at dei ventar til saka er avklart etter veglova. Det er noko uklart for oss om fritidsbustaden vert liggjande på eigedom bnr. 9 eller bnr. 14. Vi vil i den samanheng presisere at dagens avkøyrsløyve er knytt til eksisterande fritidsbustad, uavhengig av kva eigedom den ligg på. Eigedomen med naust/båthus har difor ikkje avkøyrsløyve i dag.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Bente Olsmo Høgheim, Sognefjordvegen 143, 6863 LEIKANGER

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Lise Olsmo Oen, Hylsengane 4, 6863 LEIKANGER